



## › Pedagogisk rettleiingsteneste

Pedagogisk rettleiingsteneste har ei 70% stilling for å arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, innovasjon og oppfølging av driftsoppgåver som verksemdsplan, tverrsektoriell samhandling, rektormøte og regionsmøte i SR-Oppvekst (Sunnmøre regionsråd, oppvekst). Tenesta er organisert under oppvekstområdet.

Pedagogisk fagrettleiar har 30% av stillinga inn mot forbetring av kommunal samhandling som prosjektleiar for prosjektet BTI - Betre Tverrfagleg Innsats. Pedagogisk rettleiar har ei sentral rolle i prosjektet Talk, som rettar seg mot barn og unge med Asperger syndrom. I 2020 har fokuset vore innføring av ny skulestruktur samt arbeid med å redusere omfanget av spesialundervisning.

Sidan stillinga som pedagogisk konsulent i rådmannens stab har stått vakant sidan hausten 2018, har ein del av oppgåvene til denne stillinga blitt utført av pedagogisk fagrettleiar. og det har dermed vore mindre kapasitet til pedagogisk utviklingsarbeid.